



Arkivnr: 2014/927-1
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.02.2014
Fylkestinget		11.03.2014

Finansforvaltninga i 2013

Samandrag

I saka vert det gjeve oversyn over fylkeskommunen si lånegjeld, vurdert opp mot krava i finansreglementet. Vidare finn ein oversyn over bankinnskot og omtale av renteinntekter og -utgifter.

Fylkeskommunen si lånegjeld auka med 741 mill. kr i 2013 og har passert 7,2 mrd. kr. Renta er bunden på 57,4 % av låneporteføljen. Fylkeskommunen er dermed lite utsett for renteendringar på kort sikt.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2013 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.02.2014

Lånegjeld

Fylkeskommunen er inne i ein periode med høge investeringar og kraftig vekst i lånegjelda. Følgjande oversyn viser korleis gjelda har utvikla seg i 2013:

(Beløp i tabellane oppgitt i kr 1 000)

	Fylkeskassen	Bompengeprojekt
Lånesaldo 1. januar	6 496 735	63 000
Nye låneopptak i 2013	1 020 000	
Avdrag	279 000	17 000
Lånesaldo 31. desember	7 237 735	46 000

Pr. 31.12.2013 består fylkeskommunen sin gjeldsportefølje av 26 lån på til saman vel 7,2 milliardar kr. Gjelda har auka med 741 mill. kr i 2013.

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 023 000	28,0 %
Obligasjonslån	3	1 185 000	16,4 %
Kommunalbanken	15	4 017 281	55,5 %
DNB	1	12 454	0,2 %
Totalt	26	7 237 735	100,0 %

Det er sertifikatlån og obligasjonslån som har auka siste året, medan lån i Kommunalbanken er redusert med 220 mill. kr.

Fylkeskommunen har teke på seg oppgåva som "bompengeselskap" for 3 vegprosjekt: E39 over Stord, E134 Åkrafjorden og Årsnes ferjekai. Til dei to sistnemnde prosjekta har ein lån på 46 mill. kr.

Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det sagt at "Låneporteføljen skal vera diversifisert med omsyn til løpetid og rentebinding." Det er vidare bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	31. des. 2012			31. des. 2013		
	Lånesaldo	Andel	Rente	Lånesaldo	Andel	Rente
Lån med fast rente	3 855 010	59,3 %	3,71 %	4 156 000	57,4 %	3,42 %
Lån med flytande rente	2 641 725	40,7 %	2,35 %	3 081 735	42,6 %	2,32 %
Totalt lån	6 496 735	100,0 %	3,16 %	7 237 735	100,0 %	2,95 %

Av tabellen går det fram at 57,4% av gjelda har fast rente. 3 lån på til saman 835 mill. kr er tekne opp med fast rente. I tillegg har ein inngått 10 rentebytteavtalar¹, som sikrar renta for lån på 3 321 mill. kr.

¹ Ved å nytte rentebytteavtalar kan ein endre samansetjinga mellom fast og flytande rente på låneportefølgjen, utan å endre vilkåra for dei einskilde låna. Om ein t.d. har eit lån på 300 mill. kr med flytande rente, kan ein inngå avtale med ein bank om å motta flytande rente av 300 mill. kr og betale fast rente av same beløpet. Fylkeskommunen vil etter dette både betale og motta flytande rente av 300 mill. kr, og ein endar opp med netto å betale fast rente av lånesummen.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen var 2,95 % pr. 31 desember, som er 0,21 % lågare enn ved førre årsskifte. Av tabellen ser ein at det er lån med fast rente som har hatt størst reduksjon i rentesatsen. Dette skuldast at to av låna som hadde høgast rente har hatt renteregulering i 2013. I tillegg er det inngått ein ny rentebytteavtale med relativt låg rente.

Pengemarknadsrenta har vist fallande tendens i 2013, men dette har ikkje gjeve så stort utslag i fylkeskommunen sin låneportefølje. Kommunalbanken har halde p.t. renta uendra og har auka marginen på Nibor-lån. Mellom anna som følgje av dette har fylkeskommunen betalt ned på kommunalbanklån og tek stort sett opp nye lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden.


Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal i følgje reglementet vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Ved årsskiftet var gjennomsnittleg rentebindingstid 2,2 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 46,4 % av låna vil få regulert renta i løpet av 2014 (alle med flytande rente + 1 med fast rente). I løpet av dei 3 næraste åra vil vel 65,3 % av dagens låneportefølje få fastsett ny rente.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2014	3 361 735	14	46,4 %
2015	690 000	2	9,5 %
2016	680 000	2	9,4 %
2017	725 000	2	10,0 %
2018	555 000	2	7,7 %
2019	551 000	2	7,6 %
2020	355 000	1	4,9 %
2021-	320 000	1	4,4 %
Total	7 237 735	26	100,0 %

Diagrammet nedanfor illustrerer kor langt framover dagens rentebindingsavtalar strekkjer seg. Ved inngangen til 2014 har ein fast rente på 4 156 mill. kr av låneporteføljen. Ein eller to rentebindingsavtalar går ut kvart år. Den siste avtalen går ut i 2022.



Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjere meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over løpetida for låna.

År	Beløp	Tal lån	Andel
Sertifikatlån (3 - 6 mnd.)	2 023 000	7	28,0 %
2014	412 454	2	5,7 %
2015	360 000	1	5,0 %
2017	892 000	3	12,3 %
2018	555 000	2	7,7 %
2019	330 000	1	4,6 %
2020	705 000	2	9,7 %
2021-	1 960 281	8	27,1 %
Total	7 237 735	26	100,0 %

Fylkeskommunen hadde ved årsskiftet 7 sertifikatlån. Desse har ei løpetid på 3 eller 6 månader. Elles har dei fleste låna lang løpetid. 61,3 % av låna treng ikkje fornyast før i 2017 eller seinare.

Bankinnskot og plasseringar

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar pr. 31. desember:

	2012	2013
Ordinære bankinnskot	661 077	479 093
Skattetrekksmidlar	100 495	102 222
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	436 221	468 887
Bankkonti bompengeprojekt	75 637	100 548
Sum bankinnskot	1 273 430	1 150 750
Kassabeholdningar	2 315	8 994
Sum bankinnskot og kassabeholdn.	1 275 745	1 159 744

Pr. 31. desember hadde fylkeskommunen nær 1 160 mill. kr i innskot. Dette er ein reduksjon på 116 mill. frå førre årsskifte.

Ein viktig grunn til at fylkeskommunen har relativt mykje midlar inneståande på bankkonti er det som er kalla "øyremerkte" midlar i tabellen over. Dette gjeld spelemidlar, kulturhusmidlar, den kulturelle skulesekken og ulike tilskot til regional utvikling. Renta på desse kontoane vert godskrive dei respektive føremåla.

Etter at bankavtalen vart fornya i 2012, har innskotsrenta vore høgare enn den flytande lånerenta. I 2013 har fylkeskommunen i gjennomsnitt hatt tett oppunder 3 % rente på innskot på konsernkontoen. Ein har ikkje funne grunn til å plassere ledige midlar utanom konsernkontoen i 2013.

Renteinntekter og -utgifter

	Rekn. 2012	Rekn. 2013	Bud. 2013
Gebyr, kursdifferansar, morarenter	2 789	1 198	
Renter på lån	200 556	203 812	
Sum utgifter	203 345	205 010	224 000
Rentekompensasjon	22 906	24 527	26 900
Renter av bankinnskott	25 299	23 068	33 900
Renter av utlån m.m.	12 132	9 613	
Utbytte	1 000	1 000	1 000
Sum inntekter	61 337	58 208	61 800
Netto renteutgifter	142 008	146 802	162 200
Renter på spelemidler/regionalmidlar etc.	16 231	14 198	

Brutto renteutgifter var 205 mill. kr i 2013. Dette er berre 1,7 mill. kr høgare enn i 2012. Nedgang i rentesatsane har nesten oppvege verknaden av auka lånegjeld.

Renteinntekter og –kompensasjon utgjorde 58,2 mill. kr, slik at netto utgift på rentekapitlet vart 146,8 mill. kr. Dette er ei innsparing på vel 15 mill. kr i høve til budsjettet. I budsjettet var det teke høgde ein viss renteoppgang i løpet av året. Det var budsjettert med 2,75% flytande rente.

Som nemnt framfor, er det ulike tilskotsordningar innan kultur og regional utvikling der mottekne midlar vert plasserte på eigne bankkonti, og renteinntektene vert tilført dei aktuelle føremåla. Renteinntekta på desse kontoane utgjorde 14,2 mill. kr.

Renterisiko

Eit viktig spørsmål er korleis fylkeskommunen sine netto renteutgifter vil endre seg ved endringar i rentenivået.

Med dei lån og innskott ein hadde ved årsskiftet, ville ein renteauke på 1% medføre ein auke i netto renteutgifter på mellom 9 og 10 mill. kr første året. Då er det teke omsyn til rentekompensasjonsordningane for skolebygg og veginvesteringar. Fylkeskommunen får rentekompensasjon etter Husbanken sine rentesatsar for lån på 1 279 mill. kr.